



# INNKALLING

*Møte: 1-2023  
Møtedato: Onsdag 15.03.2023  
Møtestad: Viefluno, Rådhuset  
Tid: 18.00*

Denne innkallinga gjeld berre til faste medlem i fellesrådet. Dersom det er forfall til møte, vil varamedlem bli kontakta.

Forfall bør snarast meldast til kyrkjeverja på tel: 404 12 262

Vi ber alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker å melda frå om dette på førehand.

## SAKSLISTE:

**2023-01-01 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**2023-01-02 GODKJENNING AV MØTEBOK**

**2023-01-03 MELDINGAR OG SKRIV**

**2023-01-04 ÅRSREKNESKAPET 2022**

Bremnes, den 6. mars 2023

---

John Olav Habbestad  
leiar

---

Janne Gilje Røsland  
fungerande kyrkjeverje

## **Behovsliste frå gravplassarbeidarane**

### **Bremnes kyrkjegard:**

- Plantner i nedkøyringa til Bremnes kyrkje
- Reperasjon av alle nye murar + forsterkning av muren som er opp mot kommunehuset (autovern montert på utsida)
- Nye kantar på grusveien som er på Bremnes felt E, F., G., H (skulle vært asfaltert her, som på nye gravplassen).

### **Espevær kyrkjegard:**

- Her må vatnet fiksast frå huset til vannpostane

### **Langevåg:**

- \* På nye kyrkja skulle det vært laga ny grus eller asfalt på gangvegen som går gjennom plenen ned til sentrum/porten. Her skulle det vore murt opp til sentrum bak benkane som er satt nedanfor kyrkja. Veldig vanskeleg for å slå graset bak der.
- \* Ny grus langs kyrkja
  - Sekketralle til å køyre steinar vekk i frå gravplassen ved sletting (kobles på maskinane).

### **Fagervoll kyrkjegard:**

- Ny grus ved inngang
- Nytt tak på redskapshuset/kapel

### **Gåsland:**

- Ny port

### **Moster:**

- \* Nytt klokketårn på nye gravplassen. Me må være fleire mann for å ringa med klokkene i gamlekyrkja på grunn av at den som ringer ikkje kan sjå ut vindauge kva som skjer på gravplassen.
- \* Nytt pauserom. No sit me i gamle bårerommet utan vindu.
- \* Nye felt på G og F. Her må me grava ut masse store steinar som kjem i gravene på øvste rad, og erstatta denne massen med grus/mold.
- \* Me skulle kjøpt oss ein kvistmalar med egen maskin. Som me kunne hatt med rundt når me beskjærer 20-30 000 buskar og hekkar.

### **Bremnes kyrkje:**

- Endre tidspunkt for innbrotsalarm= tiltak:

Det er ikkje mulighet for å skru av alarmen på forhånd slik det er i dag. For å få denne funksjonen kan en montere en bryter som forhindrer alarmen å skru seg på. Da vil alarmen ikke skru seg på ved angitt klokkeslett. Den beste løsningen er å bytte sentral.

- Dårleg brytar for lukke lukene etter ringing = tiltak:

Smøring og teiting av klokkene. Einar Kulleseid har sett på det, me har ikkje noko serviceavtale. Ikkje blitt gjort på 6+ år.

- Frå teknisk kurs;
- Kjøp 4 bluetooth receiver, elkøp
- Få ein elektriker til å få ein startknapp inn, så ein slepp å gå att og fram å skru på alt i rett rekkefølge for miksepulten.
- Lage til ein kjøreplan, høyr om Jarle kan bistå, få oppskrifta hos Andreas.

Vifte på kjøkkenet for å kunne koke begera etter nattverd, for brannalarmen går

# Behovsliste for Moster kyrkje/ sokn 01.12.20 – basert på sak 63 og sak 87/20.

Denne lista kan brukast ved innrapportering av behov frå sokneråda til fellesrådet. Lista er delt inn i to ulike delar «Driftsbehov» og «Investeringsbehov». Større prosjekt (over 100 000) som soknerådet ser behov for skal førast på «Investeringsbehov» og mindre vedlikehald/inventar/varer vert ført på «Driftsbehov».

## Forklaring til dei ulike delane av skjemaet:

- «Namn» på behov: Kort tittel på behovet.
- Skildring av behovet: Gi ei kort skildring av behovet. Kva er problemet? Er det noko som ei øydelagd? Er det ynskje om anskaffing av nytt utstyr/inventar el.? Konkret skildring av kva som er ynskt. **Tips: Tenk kyrkja innvendig og utvendig, men også nærområdet.**
- Soknerådets anslag av pris: Her er det snakk om eit heilt grovt anslag av kva soknerådet tenker behovet vil koste å få dekka. Dette vert sjølv sagt ikkje noko verifisert kostnadsestimat, men kan vera med å gi ein peikepinn på kva ein skal tenker reint budsjettmessig. **Tips: føreta eit kjapt google-søk dersom det for eksempel er ynskje om innkjøp av vare eller noko nytt utstyr.**
- Soknerådets vurdering av kor kritisk/akutt behovet er (1 – 4): Det er mange ting ein ynskjer seg, men resursane er som regel veldig avgrensa. Vidare skal også fellesrådet sine resursar delast mellom 4 sokn, samt kyrkjegardar m.m. Under dette punktet kan difor soknerådet sjølv drøfte i kor stor graden behovet er kritisk og/eller akutt.
  1. Svært kritisk = På dette punktet er det snakk om fare for liv og helse dersom behovet ikkje vert dekka. Ein innfrir heller ikkje lovmessige krav dersom ikkje behovet vert dekka.
  2. Kritisk = Det er her ikkje snakk om umiddelbar fare for liv og helst, men det kan vera knytt til store materielle skadar.
  3. Moderat kritisk = Det er her kanskje ikkje snakk om materielle skadar eller aukande problem, men dette svertar kyrkja sitt omdøme på andre målar. Dette kan for eksempel handle om «estetiske» problem.
  4. Ikke kritisk = Dette er behov som soknerådet ynskjer dekka, men som i det store og det heile ikkje spelar noko rolle om kjem på plass i dag eller om 10 år.Det er sjølv sagt viktigast å ta det som hastar mest, likevel er ikkje tanken at ein aldri skal prioritere noko av det som kjem under kategori 4. Det kan vera gode argument for å nytta midlar på noko sjølv om det ikkje er kritisk eller akutt.
- Konsekvens/resultat av uteblitt/innfridd behovsdekking: Soknerådet kan under dette punktet reflektere litt rundt kva uteblitt/innfridd tiltak kan medføre både for soknerådet sjølv, fellesrådet (økonomi på lang/kort sikt), for «kjernekjelyden» eller for «folk flest» (omdøme for kyrkja i bygda). **Eksempel: Øydelagde takplater vil på sikt føre til større vedlikehaldsbehov. Om ynskje om ny messehakel eller nytt PA-anlegg ikkje vert innfridd vil dette kanskje ikkje utvikle seg til eit større problem, men om det vert innfridd vil det kanskje bidra eit betre estetisk uttrykk, eller til ei betre oppleveling for dei besøkande i kyrkja.**
- Eigeninnsats (Ja/Nei) Evt. forslag til løysing/kontaktperson: Er behovet noko soknerådet sjølv, eller nokon i kyrkjelyden, kan fikse eller få dekka? Er det noko som kan gjennomførast på dugnad av frivillige i soknet? Er dette noko soknerådet sjølv ynskjer å bruke midlar på? Har soknerådet tips til personar i bygda, eller firma som sit med kompetanse for å få løyst problemet eller få dekt behovet? Finnes det alternative løysingar? Kjøpe brukt el.?

## Driftsbehov

Nr.	«Namn» på behovet	Skildring av behovet	Soknerådets anslag av pris	Soknerådets vurdering av kor kritisk/akutt behovet er (1 - 4)	Konsekvens/resultat av uteblitt/innfridd behovsdekking.	Eigeninnsats (Ja/Nei) Evt. forslag til løysing/kontaktperson.
1	Skifte av fleire av vindauge _____	Fleire av rutene er knuste. Eit av altervindauga sig saman og bular ut på innsida. Vinduskarm i prestesakrestiet er roten og fuktig.	<u>Me veit ikkje</u> <u>Anslag på vegne av fellesrådet:</u> ca 800 000	Me vurderar dette til punkt 1  Minner om jubileet i 2024	Kostnaden av vedlikehalds-arbeidet aukar truleg på sikt, og problemet kan forverrast. Ein risikerer at roten sprer seg i veggen i sakrestiet. Straumkostnader kan reduserast ved å skifte vindauge.	Nei! Me meiner fagfolk må inn her. Nye vindu på utsida av dei gamle.
2	Utedør, mellomdør og dør frå kyrkjedom og ut må setjast i stand og malast _____	Slitasje og treverk som «lever» og endrar seg. Karmar, dørar og metallister passar ikkje heilt saman lengre- stor varmelekkasje ut.	_____	Me vurderar dette moderat kritisk, 3.	Ved manglande stell og maling, aukar behovet for vedlikehald. Kostnadene aukar bl.a på straum.	Nei, når det gjeld reparasjon av dørar. Me meiner fagfolk må inn her. Maling? Kanskje dugnad.
3	Oppussing av våpenhus _____	Førsteinntrykket er viktig. <b>Ny spegel ved dametoalett er naudsynt.</b> Slik det nå framstår virkar våpenhuset lite funksjonelt, litt rotete og lite innbydande.	_____	Her meiner me særleg punkt 3 gjeld. Det handler om estetikk og kyrkja sitt omdømme.	Meir funksjonelt våpenhus, mindre rot og eit godt førsteinntrykk bør vera gode mål.	Ja! Men treng godkjenning og økonomisk støtte til å gjennomføra prosjektet.

4	Bilete av alle prestane som har gjort teneste i Bømlo	Det er tilfeldig kva prestar som er teke bilete av og er «beramma» i våpenhuset.	_____	Punkt 3.	Det framstår som rotete å ikkje ha ein policy på dette. Det bør vera ordna før 150-årsjubileet for kyrkja.	Her bør vel ein fotograf gjera jobben, men dugnad er vel ikkje umulig.
5	<u>Pusse opp dåpssakrestiet</u>	Ta vekk vasken og laga n benk/stellebord. Nye puter til benkene. Skapet må byggast høgare og utvidast (eller erstattast med «Ikeaskap»).	_____	Punkt 4	Det betrar inntrykket av, og komforten i, kyrkja.	Vask og benk må fagfolk ta seg av. Puter o.l kan me gjera på dugnad.
6	<u>Måling av kyrkjerommet før 150-årsjubileet i 2024</u>	Fargane i kyrkjerommet som er meint å vera like har ulike tonar, fordi nokre stader er relativt nyleg måla, medan andre parti er eldre. Inntrykket blir rotete.	_____	Her meiner me punkt 3 gjeld	Det samla estetiske bildet og inntrykket blir ikkje betre, heller därlegare jo eldre og meir slitt. Det betyr noko for menneska at kyrkja deira har reine klare fargar.	Nei!
7	<u>Skap til teknisk utstyr</u>	Det står teknisk utstyr lagra fleire stader i kyrkja ettersom me ikkje har ein eigna stad å oppbevare det. Dette gir rot og därleg oversikt. Skap bør plasserast bakerst i kyrkja (motsett av leikekrok) og vera utført i same stil som mixepult.	<u>Vanskeleg å anslå</u>	Punkt 3  Søknad med teikningar/foto er sendt konsulent i Bjørgvin bispedømme	Betre oversikt, ryddigare lokale og mindre frustrasjonsnivå blant dei tilsette	Det bør fagfolk inn for å sikra at det vert bygd i same stil som resten.

8	Messehakel <hr/>	Manglar fiolett	Ca kr 30 000? <hr/>	Punkt 3	Det er berre denne me manglar.	Må bestillast frå fagfolk
	<hr/>		<hr/>			
	<hr/>		<hr/>			

# **BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD**

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	15.02.2023		2023-01-03

Saksbehandlar: Janne Gilje Røsland Arkivnr.:

## **2022-07-03 MELDINGAR OG SKRIV**

1. Byte av vindauge i Moster kyrkje. Informasjon om kva som er starta og vegen vidare, tidspunkt for montering av nytt orgel.
2. Båre til Moster gravplass, kva som må på plass for at det kan iverksetjast.
3. Orientering om oppgradering av Bømlo kyrkje og utarbeiding av ny talerstol, innkjøp av møblar til kyrkjelydssal.
4. Oversikt frå Moster sokn og kyrkjegardsarbeidarane om vedlikehaldsbehov (vedlegg).
5. Kollisjon i mur ved Bremnes kyrkje 19.12.22, prosessen vidare.
6. Status på prosjektet på Vorland gravplass.
7. Londontur for 17-åringar, status.

# **BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD**

SAKSUTGREIING

SAKSGANG				
R.f	Utval	Møtedato	Arkivsaksnr.	Saksnr.
1	Kyrkjeleg fellesråd	15.03.2022		2023-01-04

Saksbehandlar: Trygve Leigland

Arkivnr.:

## **2023-01-04 ÅRSREKNESKAP 2022**

### **Dokument i saka**

- Årsrekneskap 2022

### **Framlegg til vedtak**

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner rekneskapen for 2022 med etterhald om at revisjonen ikkje har merknadar.**
- 2. Fellesrådet vedtek rekneskapsmessig mindreforbruk på 106 164 etter avsetjing på 259 000 på ubundne driftsfond.**

### **Bakgrunn**

Rådsorganet legg kvart år fram årsrekneskap og årsmelding som skal speglar arbeidet i året som gjekk.

Det er vanleg at revisor ikkje vil underskriva meldinga før fellesrådet har vedteke rekneskap og årsmelding.


### **Vurdering**

2022 var eit år med store globale endringar som også har fått innverknad på kyrkjene på Bømlo. Stor uro i verda, dannar grunnlag for usikkerheit knytt til framtidige økonomiske forhold for kommune, bispedøme og vidare også då fellesråd og lokale kyrkjelydane. Ettar at koronaen stengde kyrkjer i 2020 og 2021 var det få som hadde trudd av straumprisen var det som skulle stenge kyrkjer i 2022.

Ein endar opp med pluss 298 713 i netto driftsresultat. Bruk og avsetjing på bundne og ubundne fond fører vidare til at ein kjem ut med rekneskapsmessig mindreforbruk på 106 165

Sjå elles kommentarar til rekneskapen for 2022 i sjølve rekneskapsrapporten.

### **Konklusjon**



# BØMLO KYRKJELEGE FELLESRÅD



Frå konsert på Jærgårds som er festivalen konfirmantane på Bømlo starta konfirmantåret med.

# REKNESKAP 2022

## Kommentarar til rekneskapen for 2022 Bømlo kyrkjelege fellesråd

2022 var på mange måtar eit år med historisk endringar. Den auka usikkerheita i verda har prega overskriftene i store delar av 2022. Endringa i verda får innverknadar på stat, kommune og vidare for fellesråd og lokal kyrkjedrift. Dette har me fått merke også på Bømlo. 2022 har vore året der usikkerheita har komme stadig meir innover oss, og då kanskje særskild knytt til økonomiske forhold. Etter at korona stengde kyrkjer i 2020 og 2021 var det få som hadde trudd at det var straumprisane som skulle stenge kyrkjer i 2022. Ein ser vidare at økonomisk press på både kommune og bispedøme får direkte konsekvensar for drifta vår.

Totalt sett kjem ein i 2022 ut med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 106 165. Dette er etter at det er brukt 119 233 av bundne driftsfond, sett av 259 000 til disposisjonsfond og sett av 52 781 til bunde driftsfond. Fellesrådet hadde altså eit netto driftsresultat på 298 713.

Etter eit stort meirforbruk og bruk av avsette midlar på nær 1 mill. i 2021 skulle 2022 vera eit år der ein fekk «fylt opp igjen» disposisjonsfondet. 2022 var eit «toppår» for festeavgifter og dermed eit år med gode føresetnadnar. At ein på slutten av 2022 likevel ikkje har meir enn i underkant av 400 000 i «back-up» (disposisjonfond og tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk) vil gi store økonomiske utfordringar i åra som ligg føre.

Budsjettet for 2022 var i stor grad sett opp etter forsiktigheitsprinsippet med at ein del kostnadnar for 2021 var budsjettert noko høgare enn det som kanskje ein i første omgang såg føre seg, dette for å ha ein buffer på kostnadssida, like eins var nokre av inntektene budsjettert noko lågare enn forventa. Som følgje av energiprisane vart det her utfordranda å halda budsjett. Hadde det ikkje vore for straumstøtte frå både lokalt og statleg hald så ville resultatet totalt sett for fellesrådet sjølv sagt sett enda meir utfordrande ut. Ein ser vidare at fellesrådet operere under marginale «driftsforhold». Ein får ikkje auke tilsvarande lønns- og prisvekst. Store delar av midlane går til faste utgifter, og det heilt marginalt spelrom på det ein står igjen med på drift. Som følgje av dette klarar ein ikkje å halde tritt med vedlikehaldsbehova på kyrkjene og heller ikkje oppretthalda tilfredsstillande arbeidsforhold på alle områder. Ved gjennomgang av rekneskapet er det viktig å vera bevigst at alt tilskotet frå eigen kommune er ført som rammetilskot på 0890 Finansieringstransaksjonar. Dette etter føringar knytt til Kostra for 2017.

### **Kommentarar til hovudoversikten - drift**

#### **Kostnadssida**

Ser ein på hovudtala for rekneskapet opp mot budsjett på kostnadssida ligg ein 829 000 over budsjett. Lønnskostnadane har for fellesrådet vore totalt 495 000 høgare enn budsjettet. Noko av dette skuldast permanent lønnsgruppeendringar på tilsette, medan noko kan også forklarast i midlertidige stillingsendringar. (Kyrkjelydsvikariat) For varer og tenester hadde ein litt over 350 000 i meirutgifter enn budsjettet. Noko av dette skuldast straumprisane. Noko på tiltak som var gjennomført, men som ikkje var budsjettert med. Noko av dette vert teke

igjen på inntektssida. For refusjonar/overføringer vart det ca. 20 000 lågare enn budsjettet. Det vart for 2022 budsjettet tilstrekkeleg i refusjon til bispedøme for 50% prestestilling, noko som har vore for lågt budsjettet tidlegare år. Under tilskot og gåver vart det gjeve 75 000 meir enn budsjettet, noko av dette har si forklaring i høge refusjonskostnadar knytt til kremasjon, og noko knytt til tilskot til arbeidet i Estland.

### **Inntektssida**

På inntektssida kjem ein ut med ca. 634 000 i meirinntekt i forhold til budsjett. Det var budsjettet med innkomne midlar på 13 520 000, medan det ved årsslutt enda på 14 154 596 i inntekter for fellesrådet. Eit positivt avvik på 634 596. Avvika på brukarbetaling, sal, og leigeinntekter er ca. 400 000 meir enn budsjettet. I dette ligg alt frå festeavgifter, konfirmantavgift, betaling for deltaking på trusopplæringstiltak, diakonale tilbod og leigeinntekter på kyrkjene. Festeinntekter vart i 2022 liggande på 170 000 over budsjett, og det var inntekter knytt til London tur som ikkje var budsjettet.

På refusjonar/overføringer frå andre har ein i 2022 hatt eit positivt avvik på nær 530 000. Mykje av dette skuldast refusjons knytt til fødselspermisjon og sjukemeldingar, men 180 000 i straumstøtte frå staten.

Ein hadde i 2022 budsjettet med tilskot frå kommunen utan tenesteyting til 8 548 000, dette var feil då 286 500 av desse var tenkt som tenesteyting. Dermed ein negativ differanse på tilsvarande beløp.

Under tilskot og gåver er det positivt avvik på 84 000.

Ein har på mange måtar i 2022 blitt «redda» av renter på ubrukte investeringsmidlar.

### **Kommentarar til investeringsrekneskapen**

I 2022 har nytt lydanlegg og nye grasklypparar på gravplassen blitt realisert. Oppgradering av Bømlo kyrkje var nær realisert ved nytt år og utviding av Vorland kyrkjegard vart start opp hausten 2022. Ramma for investeringane vart innvilga med 4 400 000. Dette kjem fram i balansen. Det som også er greitt å merke seg i investeringsrekneskapen er at heile flygelprosjektet i Bremnes vert finansierast av innsamla midlar. Hovuddelen av dette var i 2021 allereie innsamla og vart godskriven fellesrådet i 2022, samt vert noko samla inn i dei følgjande åra.

### **Kommentarar til dei ulike tenestene under driftsrekneskapen**

#### **041\* Administrasjon**

Administrasjonen kjem for 2022 ut med eit positivt avvik på 119 000 i forhold til budsjett.

#### Bruk av midlar

«0 – Løn» vart liggande nær budsjett med eit negativt avvik på 17 000. Samla kjem varer og tenester ut i eit negativt avvik på 27 600, og utstyr materiell og vedlikehald kjem ut med negativt avvik på 11 000. Total differanse på bruk av midlar vart på 224 000. Her skulle det vore korrigert for avsetning til driftsfond. Dette er i budsjettet ført på 041\* medan det i rekneskapen er ført i 089\*

#### Tileigna midlar

Inntektskjeldene under administrasjon er få og det det hovudsakleg her er snakk om er refusjon frå sokneråda for kjøp gjort gjennom fellesrådet, refundert løn frå NAV knytt til permisjon eller sjukefråvær, og finansinntekter (renteinntekter, bruk av fond og bruk av tidlegare års rekneskapsmessig mindreforbruk). Ein har tileigna seg 104 000 mindre under

administrasjon i 2022 enn budsjettet. Noko av dette skuldast for høgt budsjettet kjøp gjort på vegne av sokneråda.

#### **042\* Kyrkjer**

Kyrkjer kjem for 2022 ut med eit negativt avvik på 71 000 i forhold til budsjett.

##### Bruk av midlar

Når det gjeld løn under kyrkjer (kantorar, reinhaldarar, klokkarar og kyrkjetenarar inkl. vikarar knytt til alle stillingane) kjem ein ut med 121 000 i negativt avvik. Ein har nytta 148 000 meir i varer og tenester enn budsjettet. Mykje av dette skuldast høge staumutgifter. For utstyr, materiell og vedlikehald har ein nytta 65 000 meir enn budsjett. Under refusjonar har ein i budsjettprosessen teke litt for godt i når det gjeld lønsauke til prest som ein dekkjer 50% stilling for. Dette kjem til syne gjennom positivt avvik på 18 000 under refusjonar.

##### Tileigna midlar

Sal av varer og tenester ligg 10 000 under budsjett. Refusjonar er på 203 000 meir enn budsjettet. 180 000 av desse er straumstøtte. Positivt avvik på 52 000 på tilskot og gåver. Det var i 2022 gjeve tilskot frå kyrkja sentralt knytt til digitale arrangement.

#### **043\* Kyrkjegardar**

Teneste «kyrkjegardar» har eit positivt avvik på 73 000 i forhold til budsjett.

##### Bruk av midlar

Løn, varer og tenester og utstyr, materiell og vedlikehald har eit samla positivt på avvik på 103 000 mot budsjett.

##### Tileigne midlar

Inntekter for festeavgifter vart i 2022, 128 000 over budsjett. Totalt sett kom ein i 2022 ut med eit positivt avvik på 131 000 på tileigna midlar for kyrkjegardane.

#### **044\* Andre kyrkjelege føremål**

Andre kyrkjelege føremål har eit positivt avvik på 263 000 mot budsjett for 2022.

Under andre kyrkjelege føremål finn ein tenestene «0440 Andre kyrkjelege føremål», «0441 Diakoni», «0442 Trusopplæring», «0443 Konfirmantar» og «0449 Estlandsarbeidet». Det er i dette ikkje teke høgde for å drøfta kvar enkelt av tenestene men sett på totalen og kommenterer nokre hovudmoment knytt til dette. 0440 og 0442 må i stor grad sjåast i lag då det bere er pedagogar som er lønna frå desse tenestene. Vidare må 0443 sjåast i lag med 0440 og 0442 då konfirmantarbeidet (0443) er ein del av trusopplæringsarbeidet. Innan 0440 finn ein statleg tilskot knytt til kateket/pedagogoppgåver og under 0442 finn ein statlege trusopplæringsmidlar.

##### Bruk av midlar

Løn har eit negativt avvik på 450 000. Varar og tenester har eit negativt avvik på 118 000 etter budsjett.

##### Tileigna midlar

Ein har fått 450 000 meir i refusjonar enn budsjettet. Dette har si forklaring i sjukepengar og ref. fødselspermisjon, Tilskot og gåver ligg 12 000 over budsjett. Med dette ligg ein nær 870 000 i positiv avvik på inntektssida. Ein har brukt nær 120 000 av bunde driftsfond til diakonistillinga.

Fellesrådet sitt rekneskap for 2022 var kr 16,4 mill. til drift inkludert interne finanstransaksjonar og avskrivningar.

## Del 1: Hovudtal

Hovudoversikt - Drift	Vedlegg 1
Investering	Vedlegg 2
Prosjektrekneskap	Vedlegg 3
Balanse	Vedlegg 4



«Kyrkjevaffel» i Lykling kyrkje november 2022

## REKNESKAP 2022 - HOVUDOVERSIKT DRIFT

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 2021	AVVIK Rekn-Bud 2022
<b>INNTEKTER</b>				
600-659 Brukarbetaling, salg-, avgifter og leigeinntekter	-1 850 788	-1 445 000	-907 023	405 788
728-729 Momsrefusjon	-617 350	-697 000	-686 030	-79 650
700-789 Andre refusjonar/overføringer	-728 448	-198 000	-472 532	530 448
790 Kalkulatorisk inntekt ved komm.tenesteyting	-286 000	-286 000	-286 000	0
800-829 Statlege tilskot	-1 961 185	-1 935 000	-1 950 776	26 185
830-839 Rammeoverføring / Tilskot frå eigen kommune	-8 261 500	-8 548 000	-8 029 500	-286 500
840-859 Tilskot frå fellesråd /sokneråd	-103 500	-150 000	-100 000	-46 500
860-879 Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-345 825	-261 000	-332 324	84 825
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>-14 154 596</b>	<b>-13 520 000</b>	<b>-12 764 185</b>	634 596
<b>UTGIFTER</b>				
010-099 Løn og sosiale utgifter	8 780 173	8 284 800	8 434 551	-495 373
100-299 Kjøp av varer og tenester	3 736 811	3 380 600	3 457 409	-356 211
300-389 Refusjonar / Overføringer	534 645	553 000	528 608	18 355
390 Kalkulatorisk utgift ved komm.tenesteyting	286 000	286 000	286 000	0
429 Moms generell kompensasjon	617 350	697 000	686 030	79 650
400-479 Tilskot og gåver	246 416	171 100	217 691	-75 316
<b>Sum driftsutgifter:</b>	<b>14 201 395</b>	<b>13 372 500</b>	<b>13 610 289</b>	<b>-828 895</b>
<b>Brutto driftsresultat:</b>	<b>46 799</b>	<b>-147 500</b>	<b>846 104</b>	<b>-194 299</b>
900-909 Renteinntekter og utbytte	-347 048	-88 500	-22 810	258 548
920-929 Mottekte avdrag på utlån				0
500-509 Renteutgifter og låneomkostn.	1 536	0	2 810	-1 536
510-519 Avdrag på lån				0
520-529 Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l				0
<b>Netto finansinntekter /-utgifter</b>	<b>-345 512</b>	<b>-88 500</b>	<b>-20 000</b>	<b>257 012</b>
590 Avskrivningar	1 833 036	1 743 000	1 760 052	-90 036
990 Motpost avskrivningar	-1 833 036	-1 743 000	-1 760 052	90 036
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-298 713</b>	<b>-236 000</b>	<b>826 104</b>	<b>62 713</b>
<b>INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR</b>				
930 Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	0	0	-814 419	0
940-949 Bruk av disposisjonsfond	0	0	-973 657	0
950-959 Bruk av bundne fond (stell, diakoni og sangaste)	-119 233	-23 000	0	96 233
960 Bruk av likviditetsreserve				0
<b>Sum bruk av avsetningiar</b>	<b>-119 233</b>	<b>-23 000</b>	<b>-1 788 076</b>	<b>96 233</b>
530 Avsett til dekning frå tidligere år (underskot)				0
540-549 Avsett til disposisjonsfond	259 000	259 000	814 419	0
550-559 Avsett til bundne fond	52 781	0	147 553	-52 781
560 Avsett til/ Styrking av likviditetsreserven				0
570 Overført til investeringsreknskapen				0
<b>Sum avsetningiar</b>	<b>311 781</b>	<b>259 000</b>	<b>961 972</b>	<b>-52 781</b>
580/980 REKNESKAPSMESSIG MINDRE(-)/MEIR(+)FORBRU	<b>-106 165</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>106 165</b>

## REKNESKAP 2022 - INVESTERING

		Rekneskap 2022	Budsjett 2022	Rekneskap 2021
<b>INVESTERING</b>				
010-299	Investeringar i anleggsmidler	7 978 757	10 250 000	2 127 651
380	Bruk av eigen konsulent/Internoverføring			
390	Kalkulatoriske utgifter Bømlo kommune			
429	Moms generell kompensasjonsordning	1 987 407	0	531 913
500	Renteutgifter, låneomkostningar			
510	Avdrag på lån (ekstraord)			
520-529	Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	38 177	0	41 209
530	Dekning av tidl. års rekn.messiq meirforbruk			
550	Avsetning til bundne investeringsfond	0	0	11 812 017
580	Udisponert i investeringsrekneskapen			
<b><u>Finansieringsbehov i år</u></b>		<b>10 004 341</b>	<b>10 250 000</b>	<b>14 512 790</b>

## FINANSIERT SLIK

660-670	Inntekt frå salg av driftsmidler / fast eigen.			
7290	Moms generell kompensasjonsordning	-1 987 407	0	-531 913
700-779	Refusjonar	-902 500	-1 100 000	-50000
791	Kalkulatoriske inntekter Bømlo kommune			
800-879	Tilskot til investeringar	-4 400 000	-4 400 000	-5 450 000
910	Bruk av lánemidlar			
920	Mottekne avdrag på utlån (ekstraord)			
<b><u>Sum ekstern finansiering</u></b>		<b>-7 289 907</b>	<b>-5 500 000</b>	<b>-6 031 913</b>
930	Bruk av tidlegare års udisponert	0		-8 480 878
940-960	Bruk av tidlegare års avsetninger	-2 714 434	-4 750 000	
970	Overført frå driftsrekneskapen	0	0	0
<b><u>Sum finansiering</u></b>		<b>-10 004 341</b>	<b>-10 250 000</b>	<b>-14 512 790</b>

## PROSJEKTREKNESKAP 2022

Kon to	Konto (T)	Rekneskap 2022	Opprinn. budsjett 2022	Revidert 2022	Avvik
07700 Refusjon frå private	0422	-902 500,00	-1 100 000,00	-1 100 000,00	
4228 Bremnes Kyrkje- Flygel		-902 500,00	-1 100 000,00	-1 100 000,00	
02000 Inventar og utstyr	0423	0,00	2 000 000,00	2 000 000,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0423	2 451 800,00	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0423	612 950,00	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0423	-612 950,00	0,00	0,00	
4234 Moster kyrkje - orgel		2 451 800,00	2 000 000,00	2 000 000,00	
02301 Vedl.hald/nybygg andre bygg	0423	0,00	2 500 000,00	2 500 000,00	
4236 Moster kyrkje - Bytte vindauge		0,00	2 500 000,00	2 500 000,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0424	2 938 614,68	0,00	0,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0430	332 083,43	0,00	0,00	
02301 Vedl.hald/nybygg andre bygg	0424	16 744,00	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0424	737 114,67	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0430	83 020,86	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0424	-737 114,67	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0430	-83 020,86	0,00	0,00	
4245 Bømlo kyrkje - Planlegging, oppgradering		3 287 442,11	0,00	0,00	
02000 Inventar og utstyr	0422	175 000,00	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0422	43 750,00	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0422	-43 750,00	0,00	0,00	
4271 Bremnes kyrkje- Lydanlegg		175 000,00	0,00	0,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0430	127 754,40	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0430	31 938,60	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0430	-31 938,60	0,00	0,00	
4280 Minnelund Bremnes		127 754,40	0,00	0,00	
02200 Maskinar	0430	257 200,00	0,00	0,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0430	64 300,00	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0430	-64 300,00	0,00	0,00	
4301 Større utstyr gravplassar		257 200,00	0,00	0,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0430	0,00	2 050 000,00	2 050 000,00	
4313 Fagervoll gravplass utviding		0,00	2 050 000,00	2 050 000,00	
02300 Nybygg og nyanlegg	0430	1 679 560,50	3 700 000,00	3 700 000,00	
04290 Moms generell kompensasjon	0430	414 332,63	0,00	0,00	
07290 Komp. for mva ført i inv.	0430	-414 332,63	0,00	0,00	
4324 Vorland kyrkjegard-planlegging, utviding		1 679 560,50	3 700 000,00	3 700 000,00	
05200 Utlån, kjøp aksjar og andelar	0410	38 177,00	0,00	0,00	
08300 Tilskot frå kommunen	0890	-4 400 000,00	-4 400 000,00	-4 400 000,00	
09400 Bruk ubunde disposisjonsfond	0890	0,00	-4 750 000,00	-4 750 000,00	
09500 Bruk av bundet investeringsfond	0890	-2 714 434,01	0,00	0,00	
9999 Finansiering		-7 076 257,01	-9 150 000,00	-9 150 000,00	

## REKNESKAP 2022 - BALANSE

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021
<b>EIGEDELAR</b>		
<b>Kap 2.2 Anleggsmidlar</b>	<b>65 851 626</b>	<b>57 680 322</b>
2.27-2.29 Faste eigedommar og anlegg (Note 1)	55 773 374	50 803 421
2.24-2.26 Utstyr, maskiner og transportmidler	9 510 621	6 347 447
2.22-2.23 Utlån		
2.21 Aksjar og andelar (Note 2)	567 631	529 454
<b>Kap 2.1 Omløpsmidlar</b>	<b>13 695 306</b>	<b>15 406 572</b>
2.13-2.17 Kortsiktige fordringer (Note 3)	5 321 846	382 147
2.18 Aksjar og andelar		
2.12 Sertifikater		
2.11 Obligasjoner		
2.10 Kasse, bankinnskudd	8 373 460	15 024 425
<b>Sum egedelar</b>	<b>79 546 932</b>	<b>73 086 894</b>
<b>EIGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Kap 2.5 Eigenkapital</b>	<b>-76 635 006</b>	<b>-70 879 423</b>
2.56-2.58 Disposisjonsfond	-288 592	-29 592
2.51-2.52 Bundne driftsfond (Note 4)	-1 291 040	-1 357 492
2.53-2.54 Ubundne investeringsfond (Note 5)		
2.55 Bundne investeringsfond	-9 097 583	-11 812 017
2.5900 Rekneskapsmessig meirforbruk (Uinndekka underskot)		
2.5950 Rekneskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskot)	-106 165	0
2.5960 Udisponert i investeringsrekneskapen (Note 6)	0	0
2.5970 Udekkja i investeringsrekneskapen		
2.5980 Likviditetsreserve		
2.5990 Kapitalkonto	-65 851 626	-57 680 322
<b>Gjeld</b>		
<b>Kap 2.4 Langsiktig gjeld:</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
2.41-2.42 Ihendehaverobligasjonslån		
2.43-2.44 Sertifikatlån		
2.45-2.49 Andre lån		
<b>Kap 2.3 Kortsiktig gjeld:</b>	<b>-2 911 926</b>	<b>-2 207 471</b>
2.31 Kassakredittlån		
2.32-2.39 Annan kortsiktig gjeld	-2 911 926	-2 207 471
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>-79 546 932</b>	<b>-73 086 894</b>
<b>Kap 2.9 Memoriakonti:</b>		
2.9100 Ubrukte lånemidler		
2.92-2.9899 Andre memoriakonti		
2.9999 Motkonto for memoriakontiene		

## Del 2: Rekneskapen fordelt på dei ulike funksjonane

Føremål 041* Kyrkjeleg administrasjon	Vedlegg 5
Føremål 042* Kyrkjer	Vedlegg 6
Føremål 043* Gravplassar	Vedlegg 7
Føremål 044* Andre kyrkjelege føremål	Vedlegg 8
Føremål 089* Finansieringstransaksjonar	Vedlegg 9


Samla rekneskapstal for funksjonane

Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	Diff.
Kyrkjeleg administrasjon	2 525 264	-450 490	2 074 774
Kyrkjer	5 671 662	-1 209 853	4 461 809
Gravplassar	4 086 130	-2 815 756	1 270 374
Andre kyrkjelege føremål	3 805 692	-3 397 317	408 376
Finansieringstransaksjonar	365 165	-8 580 497	-8 215 332
	16 453 913	-16 453 913	0



## REKNESKAP 2022 - KYRKJELEG ADMINISTRASJON 041\*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinnelig budsjett	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	1 611 319	1 594 000	1 594 000	-17 319
1	Varer og tenester	327 656	300 000	300 000	-27 656
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	136 173	125 000	125 000	-11 173
3	Refusjon (inkl. kalkulat. poster)	286 000	286 000	286 000	0
4	Tilskot og gåver	100 000	100 000	100 000	0
429	Meirverdiavgift	62 581	85 000	85 000	22 419
5	Finansutgifter	1 536	259 000	259 000	257 464
<b>Sum bruk av midlar</b>		<b>2 525 264</b>	<b>2 749 000</b>	<b>2 749 000</b>	<b>223 736</b>
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-400	0	0	400
7	Refusjon	-74 947	-148 000	-148 000	-73 053
728 / 9	Refusjon mva.	-62 581	-85 000	-85 000	-22 419
790	Annan refusjon (kalkulat. poster)	-286 000	-286 000	-286 000	0
8	Tilskot og gåver				0
9	Finansinntekter	-26 563	-36 000	-36 000	-9 437
<b>Sum tileigna midlar</b>		<b>-450 490</b>	<b>-555 000</b>	<b>-555 000</b>	<b>-104 510</b>
<b>BALANSE</b>		<b>2 074 774</b>	<b>2 194 000</b>	<b>2 194 000</b>	<b>119 226</b>





## REKNESKAP 2022 - KYRKJER 042\*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinnelig budsjett	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	2 776 842	2 655 000	2 655 000	-121 842
1	Varer og tenester	924 227	776 000	776 000	-148 227
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	549 970	484 600	484 600	-65 370
3	Refusjon (inkl. kalkulat. poster)	506 645	525 000	525 000	18 355
4	Tilskot og gåver	0	0	0	0
429	Meirverdiavgift	255 120	320 000	320 000	64 880
5	Avskrivingar	658 859	640 000	640 000	-18 859
<b>Sum bruk av midlar</b>		<b>5 671 662</b>	<b>5 400 600</b>	<b>5 400 600</b>	<b>-271 062</b>
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-39 786	-50 000	-50 000	-10 214
7	Refusjon (inkl. kalkulat. poster)	-203 507	0	0	203 507
729	Refusjon mva.	-255 120	-320 000	-320 000	-64 880
8	Tilskot og gåver	-52 582	0	0	52 582
9	Motpost avskrivingar	-658 859	-640 000	-640 000	18 859
<b>Sum tileigna midlar</b>		<b>-1 209 853</b>	<b>-1 010 000</b>	<b>-1 010 000</b>	<b>199 853</b>
<b>BALANSE</b>		<b>4 461 809</b>	<b>4 390 600</b>	<b>4 390 600</b>	<b>-71 209</b>





## REKNESKAP 2022 - KYRKJEGARDAR 043\*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinnelig budsjett	Total budsjett	Avvik
0	Lønn	1 396 266	1 490 000	1 490 000	93 734
1	Varer og tenester	256 881	268 000	268 000	11 119
2	Udstyr, materiell, vedlikehald	863 282	862 000	862 000	-1 282
3	Refusjon	0	0	0	0
4	Tilskot og gåver	82 280	50 000	50 000	-32 280
429	Meirverdiavgift	260 463	255 000	255 000	-5 463
550	Avstening til bundne fond	52 781	0	0	-52 781
590	Avskrivningar	1 174 178	1 103 000	1 103 000	-71 178
<b>Sum bruk av midlar</b>		<b>4 086 130</b>	<b>4 028 000</b>	<b>4 028 000</b>	<b>-58 130</b>
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-1 380 696	-1 253 000	-1 253 000	127 696
7	Refusjon	-419	-50 000	-50 000	-49 581
729	Refusjon mva.	-260 463	-255 000	-255 000	5 463
8	Tilskot og gåver	0	0	0	0
9	Finansinntekter	0	-23 000	-23 000	-23 000
990	Motpost avskrivningar	-1 174 178	-1 103 000	-1 103 000	71 178
<b>Sum tileigna midlar</b>		<b>-2 815 756</b>	<b>-2 684 000</b>	<b>-2 684 000</b>	<b>131 756</b>
<b>BALANSE</b>		<b>1 270 374</b>	<b>1 344 000</b>	<b>1 344 000</b>	<b>73 626</b>



## REKNESKAP 2022 - ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL 044\*

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinnelig budsjett	Totalt budsjett	Avvik
0	Lønn	2 995 747	2 545 800	2 545 800	-449 947
1	Varer og tenester	645 932	528 000	528 000	-117 932
2	Utstyr, materiell, vedlikehald	32 691	37 000	37 000	4 309
3	Refusjon	28 000	28 000	28 000	0
4	Tilskot og gåver	64 136	21 100	21 100	-43 036
429	Meirverdiavgift	39 186	37 000	37 000	-2 186
5	Finansutgifter	0	0	0	0
<b>Sum bruk av midlar</b>		<b>3 805 692</b>	<b>3 196 900</b>	<b>3 196 900</b>	<b>-608 792</b>
6	Sal, eigenbetaling, avgift	-429 906	-142 000	-142 000	287 906
7	Refusjon	-449 575	0	0	449 575
729	Refusjon mva.	-39 186	-37 000	-37 000	2 186
8	Tilskot og gåver	-2 357 928	-2 346 000	-2 346 000	11 928
9	Finansinntekter	-120 721	-500	-500	120 221
<b>Sum tileigna midlar</b>		<b>-3 397 317</b>	<b>-2 525 500</b>	<b>-2 525 500</b>	<b>871 817</b>
<b>BALANSE</b>		<b>408 376</b>	<b>671 400</b>	<b>671 400</b>	<b>263 024</b>



## REKNESKAP 2022 - FINANSIERINGSTRANSAKSJONAR

Konto	Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
15300	Dekn. av tidligere års meirforbruk				0
15400	Avsetning til disposisjonsfond	259 000	0	0	-259 000
15500	Avsetning til bundne fond				0
15700	Overføring til investeringsrekneskapet				0
15800	Rekneskapsmessig overskot	106 165	0	0	-106 165
15900	Avskrivningar				0
<b>Sum bruk av midlar</b>		<b>365 165</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-365 165</b>
18300	Finansiell overf. Frå kommunen	-8 261 500	-8 548 000	-8 548 000	-286 500
19000	Renteinntekter	-276 071	-10 000	-10 000	266 071
19050	Utbytte	-42 926	-42 000	-42 000	926
19300	Bruk av tidl. Års rekn. Messig mindreforbruk				0
19400	Bruk av disposisjonsfond				0
19500	Bruk av bundne fond				0
19800	Rekneskapsmessig meirforbruk				0
19900	Motpost avskrivningar				0
<b>Sum tileigna midlar</b>		<b>-8 580 497</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-19 503</b>
<b>BALANSE</b>		<b>-8 215 332</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-384 668</b>

REKNESKAP 2022 -  
OVERSIKT OVER HOVEDFUNKSJONANE

Vedlegg	Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	
Vedl. 4-1	Kyrkjeleg administrasjon	2 525 264	-450 490	2 074 774
Vedl. 4-2	Kyrkjer	5 671 662	-1 209 853	4 461 809
Vedl. 4-3	Gravplassar	4 086 130	-2 815 756	1 270 374
Vedl. 4-4	Andre kyrkjelege føremål	3 805 692	-3 397 317	408 376
Vedl. 4-5	Finansieringstransaksjonar	365 165	-8 580 497	-8 215 332
		<b>16 453 913</b>	<b>-16 453 913</b>	<b>-0</b>

## OPPSPLITTING AV "ANDRE KYRKJELEGE FØREMÅL"

Vedlegg	Funksjon	SUM kostnad	SUM inntekt	Avvik
Vedl. 5-1	0440 Kyrkelydsarbeid	1 356 797	-947 937	408 860
Vedl. 5-2	0441 Diakoni	950 688	-802 558	148 130
Vedl. 5-3	0442 Trusopplæring	1 196 420	-1 196 422	-1
Vedl. 5-4	0443 Konfirmantar	170 727	-209 898	-39 171
Vedl. 5-5	0449 Sangaste / Estland	131 060	-131 057	3
		<b>3 805 692</b>	<b>-3 287 871</b>	<b>517 821</b>

## Del 3: Dybderekneskap på einskilde tenesteområder

<u>0440 Kyrkjelydsarbeidet</u>	Vedlegg 10
<u>0441 Diakoni</u>	Vedlegg 11
<u>0442 Trusopplæring</u>	Vedlegg 12
<u>0443 Konfirmantarbeidet</u>	Vedlegg 13
<u>0449 Sangaste Estland</u>	Vedlegg 14
<u>0431 Gravstell</u>	Vedlegg 15



Jubileum for dåp i Moster kyrkje

## 0440 KYRKJELYDSARBEID

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
Lønn	1 332 940	982 000	982 000	<b>-350 940</b>
Varer og tenester	23 085	30 000	30 000	<b>6 915</b>
Mva generell komp.	772	0	0	<b>-772</b>
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>1 356 797</b>	<b>1 012 000</b>	<b>1 012 000</b>	<b>-344 797</b>
 Diverse inntekter				<b>0</b>
Refusjon mva	<b>-772</b>	0	0	<b>772</b>
Anna refusjon	<b>-317 165</b>	0	0	<b>317 165</b>
Statleg tilskot undervisningsstilling	<b>-630 000</b>	<b>-630 000</b>	<b>-630 000</b>	<b>0</b>
Andre tilskot	0	<b>-50 000</b>	<b>-50 000</b>	
<b>Sum tileigna midlar</b>	<b>-947 937</b>	<b>-680 000</b>	<b>-680 000</b>	<b>317 937</b>
 <b>BALANSE</b>	<b>408 860</b>	<b>332 000</b>	<b>332 000</b>	<b>-26 860</b>

## 0441 GJEVARTENESTE FOR DIAKON

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
0 Lønn	823 791	844 000	844 000	20 209
1 Varer og tenester	110 573	72 600	72 600	-37 973
2 Utstyr, materiell,	6 490	0	0	-6 490
3 Ref. stat/bispedøme				0
429 Mva generell komp.	9 834	6 000	6 000	
5 Avsetning til bundne fond				0
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>950 688</b>	<b>922 600</b>	<b>922 600</b>	<b>-28 088</b>
Inntekt frå kurs, andre arrangement	-63 800	-6 000	-6 000	57 800
Refusjon sjukeløn	-36 708	0	0	36 708
Ref. feriepenger sjukepenger	-3 745	0	0	3 745
Refusjon for MVA påløpt i driftsrekneskapet	-9 834	-6 000	-6 000	3 834
OU-midlar	-210	0	0	210
Tilskot frå Den norske kyrkje	-379 000	-400 000	-400 000	-21 000
Tilskot frå sokneråd	-103 500	-100 000	-100 000	3 500
Offer	-13 514	0	0	13 514
Private gåver	-117 017	-70 000	-70 000	47 017
Avtalar med næringslivet	-55 000	-71 000	-71 000	-16 000
Andre gåver	-20 230	-15 000	-15 000	5 230
<b>Sum tilegne midlar</b>	<b>-802 558</b>	<b>-668 000</b>	<b>-668 000</b>	<b>134 558</b>
<b>NETTO DRIFT</b>	<b>148 130</b>	<b>254 600</b>	<b>254 600</b>	<b>106 470</b>
Renteinntekter	-1 488	0	0	
Bruk av fond	-107 958	0	0	
	<b>38 684</b>		<b>254 600</b>	

## ENDRING AV BUNDNE FOND FOR GJEVARTENESTA

	2 019	2 2020	2 2021	2 2022
Fondsmidlar pr 01.01	301 866	301 866	400 982	400 982
Bruk av fond	0	0	0	107 958
Tilført nye midlar	0	99 116	0	0
Saldo fondsmidlar pr 31.12	301 866	400 982	400 982	293 024

SALDO PÅ BANKKONTOANE FOR  
GJEVARTENESTA

	31.12.2019	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022
Konto for sokneråd/privat gjevarteneste - Spv	194 262	175 457	201 204	720
Konto for næringsliv - Spv	123 987	130 643	201 723	756
Diakonikonto - SR-Bank				400 519
Sum	318 249	306 100	402 927	401 995

## 0442 TRUSOPPLÆRING

Konto (T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
Lønn	837 031	711 800	711 800	-125 231
Trusopplæringstiltak (1*-2*)	310 707	173 000	173 000	-137 707
Adm.kostnad	28 000	28 000	28 000	0
Mva generell komp.	20 683	16 000	16 000	-4 683
Finanskost.	0	0	0	0
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>1 196 420</b>	<b>928 800</b>	<b>928 800</b>	<b>-267 620</b>
Div inntekt	-153 106	0	0	153 106
Anna refusjon	-91 748	0	0	
Refusjon mva	-20 683	-16 000	-16 000	4 683
Statleg tilskot	-930 885	-905 000	-905 000	25 885
Andre gaver/tilskot/refusjon	0	0	0	0
<b>Sum tileigna midlar</b>	<b>-1 196 422</b>	<b>-921 000</b>	<b>-921 000</b>	<b>183 674</b>
<b>BALANSE</b>	<b>-1</b>	<b>7 800</b>	<b>7 800</b>	<b>7 801</b>

## 0443 KONFIRMANTARBEID

Konto (T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
Tilrettelagt komfirmantunderv.	0	6 000	6 000	6 000
Honorar til ikke sjølvst. næringsdr.	1 800	0	0	-1 800
Pensjon	0	1 000	1 000	1 000
Arbeidsgjevaravgift	185	1 000	1 000	815
Konfirmantarbeid. Bøker etc.	33 294	67 000	67 000	33 706
Konfirmantarrangement tur/weekend	97 205	80 000	80 000	-17 205
Servering møter/kurs	10 549	6 000	6 000	-4 549
Kungjering, informasjonstiltak, PR	0	6 000	6 000	6 000
Representasjon, gaver o.l.	400	0	0	-400
Utgifter til forelesar / kurshaldar	0	40 000	40 000	40 000
Andre konsulenttenester	19 396	0	0	-19 396
Moms generell kompensasjonsordning	7 898	15 000	15 000	7 102
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>170 727</b>	<b>222 000</b>	<b>222 000</b>	<b>51 273</b>
Eigenbet. konfirmantudervisning	-202 000	-130 000	-130 000	72 000
Refusjon for MVA påløpt i driftsrek...	-7 898	-15 000	-15 000	-7 102
Trusopplæring 15 år				0
Interne overføringer				0
<b>Sum tileigna midlar</b>	<b>-209 898</b>	<b>-145 000</b>	<b>-145 000</b>	<b>64 898</b>
<b>BALANSE</b>	<b>-39 171</b>	<b>77 000</b>	<b>77 000</b>	<b>116 171</b>

## 0449 SANGASTE / ESTLAND

Konto(T)	Rekneskap	Opprinn. budsjett	Total budsjett	Avvik
11000 Kontorrekvisita	0,00	200,00	200,00	200,00
11302 Bankteneste, gebyr m.m.	1 115,88	1 700,00	1 700,00	584,12
11403 Representasjon, gåver o.l.	0,00	2 000,00	2 000,00	2 000,00
11501 Kurs- og rettleiingsmateriell	0,00	3 000,00	3 000,00	3 000,00
11505 Sommarleir i Estland	39 764,00	40 000,00	40 000,00	236,00
11550 Transportutgifter til/frå kurs og leiarar	0,00	18 000,00	18 000,00	18 000,00
11606 Estlandskomiteen	8 000,00	6 000,00	6 000,00	-2 000,00
11607 Estland ungdomsrepr.	18 043,69	12 000,00	12 000,00	-6 043,69
11608 Opphaldsutgifter	0,00	2 500,00	2 500,00	2 500,00
11905 Anna leige	0,00	5 000,00	5 000,00	5 000,00
<b>Varer og tenester</b>	<b>66 923,57</b>	<b>90 400,00</b>	<b>90 400,00</b>	<b>23 476,43</b>
14705 Sangaste kyrkjelydsarbeid	64 136,29	21 100,00	21 100,00	-43 036,29
<b>Sum kostnadar</b>	<b>131 059,86</b>	<b>111 500,00</b>	<b>111 500,00</b>	<b>-19 559,86</b>
16101 Eigenbet. tur/weekend	-11 000,00	-6 000,00	-6 000,00	5 000,00
<b>Eigenbetaling og refusjonar</b>	<b>-11 000,00</b>	<b>-6 000,00</b>	<b>-6 000,00</b>	<b>5 000,00</b>
18601 Offer	-70 308,00	-70 000,00	-70 000,00	308,00
18607 Private gåver	-13 889,00	-15 000,00	-15 000,00	-1 111,00
18609 Andre gåver	-24 584,60	-20 000,00	-20 000,00	4 584,60
<b>Gåver</b>	<b>-108 781,60</b>	<b>-105 000,00</b>	<b>-105 000,00</b>	<b>3 781,60</b>
19000 Renteinntekter	0,00	-500,00	-500,00	-500,00
Bruk av bunde fond	-11 275,26	0,00	0,00	11 275,26
<b>Sum inntekter</b>	<b>-131 056,86</b>	<b>-111 500,00</b>	<b>-111 500,00</b>	<b>19 556,86</b>
<b>BALANSE</b>	<b>3</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>-3</b>

## 0431 STELLAVTALE

Konto(T)	Rekneskap	Totalt budsjett	Rekneskap 2021	Avvik
Anna forbruksmateriell/tenestetilbod	0	13 000	13 000	13 000
Matr. til gravstell	22 202	23 000	23 000	798
Interne overføringer		0	0	0
<b>Sum bruk av midlar</b>	<b>22 202</b>	<b>36 000</b>	<b>36 000</b>	<b>13 798</b>
Stell av graver (legat)	-52 781	0	0	52 781
Avtale om gravstell avg.pl.	-98 535	-123 000	-123 000	-24 465
<b>Sum tileigna midlar</b>	<b>-151 316</b>	<b>-123 000</b>	<b>-123 000</b>	<b>28 316</b>
<b>Netto drift</b>	<b>-129 114</b>	<b>-87 000</b>	<b>-87 000</b>	<b>42 114</b>
Avsetning til bundne fond	52 781	0	0	
Bruk av fond	0	-23 000	-23 000	
Renteintekt			0	
	<b>-76 333</b>	<b>-110 000</b>	<b>-110 000</b>	

## ENDRING PÅ BANKKONTO FOR STELLAVTALAR

	2022	2021	2020	2019
På bankkonto pr 1.1	832 665	803 716	750 230	795 983
Innskot		172 472	196 300	90 736
Renter		2 512	8 072	11 345
Gebyr			0	0
Tilbakebetalingar og korreksjon	-5 900	-11 345	-22 182	
Andre tenester	-6 067	0	0	
Arbeid med stell	-134 068	-139 541	-125 652	
På bankkonto pr 31.12	890 692	832 665	803 716	750 230
<b>Endring frå året før</b>	<b>58 027</b>	<b>28 949</b>	<b>53 486</b>	<b>-45 753</b>

<b>Endring i fond</b>	<b>2022</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>	<b>2019</b>
Fond per 1.1	806 799	695 627	738 885	773 801
Endring på fond	52 781	111 172	-43 258	-34 916
Fond per 31.12	859 580	806 799	695 627	738 885

## Del 4: Rekneskapsavslutning

KAPITALKONTO              Vedlegg 16  
NOTER                      Vedlegg 17

Avslutningsvis fortel Kapitalkontoen at Fellesrådet forvaltar verdiar for over 67 millionar kroner.

Notene gir ei oversikt over endringane i dei verdiane som Fellesrådet forvaltar.

Året 2022 er forbi og det skal førast rekneskap for kva midlane har fått utretta. Prosjekta som investeringsmidlane i 2022 har gått til finn ein i oversikten i note 1.

Årsrekneskapen og Årsrapporten utfyller kvarandre og må sjåast i samanheng. Kyrkjeleg fellesråd sin rekneskap må også bli vurdert saman med kyrkjelydane sine årsrekneskap og årsrapport. Samla gir dette eit godt bilet av kva som rører seg i sokna i kyrkjene på Bømlo.



Utviding av Vorland gravplass

## REKNESKAP 2022 - KAPITALKONTO

DEBET	KREDIT
Avskriving utstyr, maskinar, transportmidler og kyrkjegardar	01.01.2021 Inng.balanse 57 680 321
Avskriving kyrkjer	KLP eigenkap. innskot 2022 38 177
	Aktivering 9 966 164
31.12.2022 Utg. balanse	<b>65 851 626</b>
	<b>67 684 662</b>

# NOTER

---

## Note 1 Egedelar

Auke i egedelar i 2022 relaterer seg til både kyrkjer og gravplassar. Endringane ligg her:

Nytt orgel i Moster kyrkje

Oppgradering Bømlo kyrkje

Utviding Vorland kyrkjegard

Ny klypparar til gravplassane

Lysanlegg Bremnes kyrkje

## Note 2 Pensjonsforplikting og eigenkapital i pensjonsforetak

Pensjonsforpliktinga er dekka gjennom KLP. Årets premie er utgiftsført.

Eigenkapitalen i KLP er i 2022 auka med kr 41209. Endring i balansen er slik:

01.01.2022	529 454
Nyt innskot	38 177
31.12.2022	567 631

## Note 3 Kortsiktige fordringar

Kortsiktige fordringar auka frå 382 147 til 5 321 846.

## Note 4 Bundne driftsfond

Gjevartenesta for diakoni

Bunde fond Sangste / Estland

Gravlegat (Eige rekneskap - sjå vedlegg 15)

Samla sum Bunde driftsfond

	31.12.2020	31.12.2021	31.12.2022	Endring
400 982	400 982	293 025	-107 957	
113 329	149 710	138 435	-11 275	
695 627	806 799	859 580	52 781	
1 209 938	1 357 491	1 291 040	-66 451	

## Note 5 Ubundne og bundne fond

I fleire år har det vorte midlar ståande på ubundne fond. Dette er det ordna opp i i 2021 etter ny gjeldande økonomiforskrift for fellesråd. Det er dermed ikkje før nokon midlar på ubundne investeringsfond.

Ved utgangen av 2022 er det:

9 097 583 på bunde investeringsfond,

1 291 040 på bunde driftsfond,

288 592 på ubunde driftsfond

og 106 164 i rekneskapsmessig mindreforbruk.